



## NYE VOLDA KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** **Fellesnemnd for nye Volda kommune**  
**Møtestad:** **Kommunestyresalen, Kommunehuset Smia**  
**Dato:** **04.04.2019**  
**Tid:** **14:00**

Faste medlemer som møtte:

| Navn               | Funksjon  | Representerer |
|--------------------|-----------|---------------|
| Stig Olav Lødemel  | Leiar     | H             |
| Jørgen Amdam       | Nestleiar | AP            |
| Sølvi Dimmen       | Medlem    | SP            |
| Odd Harald Sundal  | Medlem    | U             |
| Margrete Bjerkvik  | Medlem    | KRF           |
| Odd Arne Folkestad | Medlem    | U             |
| Randi Langlo       | Medlem    | AP            |
| Eldar Engelund     | Medlem    | SP            |
| Bente Tryggestad   | Medlem    | SP            |

Faste medlemer som ikke møtte:

| Navn                | Funksjon | Representerer |
|---------------------|----------|---------------|
| Brynhild Lund Notøy | MEDL     | V             |

Varamedlemer som møtte:

| Navn | Møtte for | Representerer |
|------|-----------|---------------|
|------|-----------|---------------|

Frå administrasjonen møtte:

| Navn                  | Stilling                                  |
|-----------------------|---|
| Rune Sjurgard         | Rådmann Volda/Prosjektleiar nye Volda     |
| Ann Kristin Langeland | Rådmann Hornindal                         |
| Jarl Martin Møller    | Kommunalsjef Samfunnsutvikling, nye Volda |
| Per Ivar Kongsvik     | Kommunalsjef Oppvekst, nye Volda          |
| Svein Berg-Rusten     | Kommunalsjef Helse og omsorg, nye Volda   |

# SAKLISTE

| Saksnr.  | Sak  |
|----------|--|
| PS 20/19 | <b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>   |
| PS 21/19 | <b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>   |
| PS 22/19 | <b>Økonomirapportering prosjektmidlar - februar 2019</b>                                     |
| PS 23/19 | <b>Orienteringssaker</b>   |
| OS 16/19 | <b>Orientering om sektorprosessane</b>   |
| OS 32/19 | <b>Utbygging av breiband i Volda kommune</b>   |
| OS 31/19 | <b>Orientering vedrørende fornying av status 2019 - Fairtrade-kommune</b>                    |
| OS 17/19 | <b>Orientering og drøfting av prinsipp for delegering i nye Volda</b>                        |
| OS 18/19 | <b>Høyring om bruken av Smia etter samanslåinga</b>  |
| OS 19/19 | <b>Frivilligsentralane i (nye) Volda kommune</b>   |
| OS 20/19 | <b>Kollektivløysingar på Søre Sunnmøre - Prosjekt</b>  |
| OS 21/19 | <b>Referat frå møtet mellom Ulstein og Herøy kommunar - Samarbeid brannvern</b>              |
| OS 22/19 | <b>Utviding av kyrkjekontoret ved kommunesamanslåing</b>                                     |
| OS 23/19 | <b>Melding om politisk vedtak - Økonomistyring 2019</b>                                      |
| OS 24/19 | <b>Melding om politisk vedtak - Vidare prosess med kino og kulturhus i Volda sentrum</b>     |
| OS 25/19 | <b>Melding om politisk vedtak - Volda Campus Arena - kommunal deltaking i prosjekt</b>       |
| OS 26/19 | <b>Volda ungdomsskule - Vidare prosess</b>   |
| OS 27/19 | <b>Årsmøteprotokoll frå 20.02.19 - Volda Næringsforum</b>                                    |
| OS 28/19 | <b>Endringer i lokal struktur for Møre og Romsdal politidistrikt</b>                         |
| OS 29/19 | <b>Slutning frå Politidirektoratet om endringar i lokal struktur for Vest politidistrikt</b> |
| OS 30/19 | <b>Markerigar ved overreking av Hornindal til Møre bispedøme</b>                             |
| OS 33/19 | <b>Svar på klage på vedtak om skulekringsgrense</b>  |

## PS 20/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

### Handsaming:

#### Innkalling:

Brynhild Lund Notøy meldte forfall. Nina Lødøen Øen kalla inn som vara. Pga sjukdom meldte Øen også forfall. Hornindal Venstre var dermed ikkje representerte i dette møtet.

Sølvi Dimmen meldte ifrå om sein tilkomst. Dimmen møtte til klokka 14:13.

#### Sakliste:

Ytterlegare to orienteringssaker vart lagt til på sakskartet:

Ny sak OS 32/19 – Utbygging av breiband i Volda kommune  
Ny sak OS 33/19 – Svar på klage på vedtak om skulekringsgrense

Leiar i Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, føreslo å gjere følgjande endringar på dagsorden:

- Sak OS 32/19 vert flytta opp til etter sak OS 16/19
- Sak 31/19 vert flytta opp til etter sak OS 32/19

**Røysting:**

Innkallinga og saklista, med merknadane som nemnd over, samrøystes godkjent.

**PS 21/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

**Handsaming:**

Ingen merknadar.

**Røysting:**

Møteprotokoll frå sist møte samrøystes godkjent.

**PS 22/19 Økonomirapportering prosjektmidlar - februar 2019**

**Handsaming:**

**Røysting:**

Fellesnemnda tek økonomirapporteringa til vitende.

**Administrasjonen si tilråding:**

Økonomrapport for februar 2019 vert teke til vitande

**PS 23/19 Orienteringssaker**

**OS 16/19 Orientering om sektorprosessane**

**Handsaming:**

Kommunalsjefane for nye Volda kommune vart inviterte inn til møtet for å orientere som prosessane som går føre seg i dei ulike sektorane.

Følgjande personar orienterte om dei aktuelle sektorane:

Jarl Martin Møller: Samfunnsutvikling

Per Ivar Kongsvik: Oppvekst  
Svein Berg-Rusten: Helse og omsorg  
Ann Kristin Langeland: Stab- og støttefunksjonar

Endeleg organisasjonsstruktur for den nye kommunen vil snarast verte tilgjengeleggjort.

### **OS 32/19 Utbygging av breiband i Volda kommune**

#### **Handsaming:**

Kommunalsjef Jarl Martin Møller vurderer det som tenleg å søkje støtte til breibandsprosjekt i Bjørkedalen og Straumshamn som tidlegare har fått varsel om nedlegging av telesentralar.

Ein signaliserte også at kommunen må inn med ein eigenandel, det vart signalisert same sum som for Dravlaus på kr 200.000,-

For dette prosjektet vil det i praksis innebere mellom kr 200-400.000,-

Fellesnemnda var positivt innstilte til dette.

### **OS 31/19 Orientering vedrørande fornying av status 2019 - Fairtrade-kommune**

#### **Handsaming:**

Ingrid Opedal i Styringsgruppa for Fairtrade Volda og Ørsta vart invitert til å orientere som Fairtrade, som Volda kommune er med på i dag. Fellesnemnda var positive til å vurdere eit vidare framhald som Fairtrade-kommunen dersom dette ikkje medfører ekstra belastning og ressursbruk.

Prosjektleiar Rune Sjurgard oppmoda styringsgruppa om å sende søknad til Volda kommune, som eventuelt tek saka vidare til anten Fellesnemnda eller det konstituerte kommunestyret til hausten.

### **OS 17/19 Orientering og drøfting av prinsipp for delegering i nye Volda**

#### **Handsaming:**

Prosjektleiar Rune Sjurgard orienterte om prinsipp for delegering i nye Volda kommune.

### **OS 18/19 Høyring om bruken av Smia etter samanslåinga**

#### **Handsaming:**

Prosjektleiar Rune Sjurgard orienterte om prosessen knytt til kva tenester som skal vere tilgjengelege ved kommunehuset Smia etter samanslåingstidspunktet.

Prosjektleiaren føreslår at Smia vert heildagsopen med mottaksfunksjon mandag, onsdag og fredag, samt at følgjande tenester vil vere tilgjengelege ein fast dag i veka og elles etter behov:

- Landbrukstenester/landbrukskontor
- Byggjesakshandsaming
- Kart/oppmåling
- Reguleringsplanlegging

Bibliotek og frivilligsentral held fram i sine lokale på Smia, medan NAV-kontoret må avklarast i ein prosess saman med Ørsta (som er vert for NAV Ørsta-Volda).

I tillegg kan fasilitetane på Smia nyttast til mellom anna avlastingskontor og møteaktivitet. Om det skulle vere aktuelt kan også kontorlokale leigast ut til lokalt næringsliv. Per i dag er også Smia Utvikling plassert til Smia.

Prosjektleiaren ønskjer å ha ei evaluering på dette etter 2 år.

## **OS 19/19 Frivilligsentralane i (nye) Volda kommune**

### **Handsaming:**

Administrasjonen vil starte prosess med sikte på å gjere om Hornindal frivilligsentral til kommunal frivilligsentral. Organisatorisk vil Hornindal og Volda frivilligsentralar ligge til kulturavdelinga i den nye kommunen. Vidare vert det å utarbeide ein frivilligstrategi for nye Volda.

## **OS 20/19 Kollektivløysingar på Søre Sunnmøre - Prosjekt**

### **Handsaming:**

Jørgen Amdam orienterte om at nye kommunikasjonar (t.d. Kvivsvegen og den vedtekne «Voldatunnelen») påverkar arbeidstakrar, studentar og skulelevar som mellom anna skal til sjukehuset, høgskulen og vidaregåande skular. Dette gjer at det vil vere behov for å gjere noko med kollektivutfordringar lokalt mellom Ørsta og Volda, på bygdene i dei to kommunane, utover mot kommunane på ytre Søre og mot Hornindal/Stryn.

## **OS 21/19 Referat frå møtet mellom Ulstein og Herøy kommunar - Samarbeid brannvern**

### **Handsaming:**

Fellesnemnda tok møtereferatet til vitende.

## **OS 22/19 Utviding av kyrkjekontoret ved kommunesamanslåing**

### **Handsaming:**

Fellesnemnda tok sakar til vitende.

## **OS 23/19 Melding om politisk vedtak - Økonomistyring 2019**

### **Handsaming:**

Fellesnemnda tok sak til vitende.

## **OS 24/19 Melding om politisk vedtak - Vidare prosess med kino og kulturhus i Volda sentrum**

### **Handsaming:**

Fellesnemnda tok sak til vitende.

## **OS 25/19 Melding om politisk vedtak - Volda Campus Arena - kommunal deltaking i prosjekt**

### **Handsaming:**

Rådmann Rune Sjurgard orienterte om at det pågår no ein ny anbodskonkurranse, ettersom den opphavelege konkurransen måtte avlysast. Sjurgard kunne ikkje gå inn i detaljar i anboden ettersom den framleis pågår.

Fellesnemnda tok sak til vitende.

## **OS 26/19 Volda ungdomsskule - Vidare prosess**

### **Handsaming:**

Fellesnemnda tok sak til vitende.

## **OS 27/19 Årsmøteprotokoll frå 20.02.19 - Volda Næringsforum**

### **Handsaming:**

Fellesnemnda tok sak til vitende.

## **OS 28/19 Endringer i lokal struktur for Møre og Romsdal politidistrikt**

### **Handsaming:**

Fellesnemnda tok sak til vitende.

**OS 29/19 Slutning frå Politidirektoratet om endringar i lokal struktur for Vest politidistrikt**

**Handsaming:**

Fellesnemnda tok saka til vitende.

**OS 30/19 Markeringar ved overreking av Hornindal til Møre bispedøme**

**Handsaming:**

Fellesnemnda stilte seg positive til ei slik markering.

**OS 33/19 Svar på klage på vedtak om skulekringsgrense**

**Handsaming:**

Prosjektleiar Rune Sjurgard orienterte om at det har blitt sendt inn eit klage på vedtak om skulekringsgrense. Dette er ei lokal forskrift og det er derfor ikkje klagerett på dette. Det er samstundes sendt inn krav om lovlegkontroll frå tre av medlemmene i Fellesnemnda. Dette vert handsama av Fellesnemnda førstkomande møte, 9. mai, før saka går vidare til Fylkesmannen.

Møtet slutt klokka 18.04

Rett kopi

Joakim Rødven  
Møtesekretær

Volda  
05.04.2019